

**Felles kulturminnerapport for
Gausdal, Nord-Fron og Sør-Fron kommunar
Tema: Setermiljø og kulturminne i utmark**

*«Seterbruk er det når
ein gard (ein fast vinterbustad) har krøtera sine i sumarbeite
på ein stad eit stykke frå garden der det er husvære og fast personale,
så ein kan nytte ut større vidder til beite, som regel og til slått og onnar,
försanking, og så kan ein spara heimemarkene og nå i betre beite, føde
fleire krøter over vinteren og skaffe forråd til levemåten
for den faste bustaden (garden).»*

Lars Reinton 1955



Framsidefoto er frå Fagerli, (Nord-Fron), foto (over) er frå Graslia (Nord-Fron) mot Fagerli med Valsfjellet (Sør-Fron) bakom.
Alle foto: Oddleiv Ringlund GM

*«Kulturminner er også viktig for folks flest. Noen har sagt at et liv uten
kulturminner er som å våkne opp en dag og bare kunne huske de siste 14
dagene av tilværelsen. Det må være en stusslig opplevelse, og følelsen av å være
historieløs og fattig. Kulturminner er også viktig for fremtiden!»*

Jørn Holme, Riksantikvar

Rapporten er utarbeidd av Oddleiv Ringlund, og Torveig Dahl, Gudbrandsdalsmusea
på oppdrag frå kommunane Sør-Fron, Nord-Fron og Gausdal.

0 Samanfatning

Kommunane Gausdal, Nord-Fron og Sør-Fron har gått saman om å utabeide ein temarapport over kulturminne i eit fellesområde i fjellet aust for Espedalsvatnet og Jøra, sør for Vinstra og vest for Laugen. Tema skal vera kulturminne i utmark med hovudvekt på seterområda. Ingen av kommunane har kulturminneplan frå før, så at det var behov for ei sterk felles tematisk og geografisk avgrensing.

Basert på vedtak i kommunane, styringsdokument frå Riksantikvaren, tidlegare delrapport (Ruset 2015) og feltarbeid, var **målet** å lage ein kulturminnerapport for eit felles område med hovudvekt på setermiljø og kulturminne i utmark. Gudbrandsdalsmusea fekk i oppdrag å lage rapporten saman med ei styringsgruppe.

Rapporten kjem med generelle vurderingar av verneverdi, og anbefalingar for regulering til bevaring for nokre av setrene for kvar kommune, samt liste over våre kartleggingar. Kommunane handsamar dette vidare kvar for seg. Setrene er i all hovudsak privateigde bygningar og anlegg. Ein må såleis også få til godt samarbeid med eigarane av kulturminna i det vidare arbeid. I dette samspelet mellom offentleg og privat verksemd ligg og potensialet for ei positiv utvikling av områda – og ei god forvaltning av kulturminna for framtida.

Alle tre kommunane er rike på tradisjonar i utnytting av utmarksressursar i området: fiske, jakt og fangst, skifer/steinbrot, gruveverksem, jernutvinning, skogsdrift, seterbruk, reiseliv, hytter og friluftsliv gjennom heile året. Det har vore ei kontinuerleg tilpassing i kulturlandskapet frå folk i bygdene gjennom mange tusen år og her er det såleis rikt på materielle og immaterielle kulturminne. Vi vonar denne rapporten kan gje kommunane betre grunnlag for å sikre og utvikle verdiane i området.

Vi har hatt fokus på setrene, på primærnæringa. Men det er viktig å sjå på endringane i bruken av området dei siste 50 åra, der hytter og fritidsbruk har fått auka merksem, og nokre gonger gitt grunnlag for interessekonflikt. I hytteundersøkinga (Morset 2017) står det om hytter:

«I vår betydning av ordet har det tradisjonelt vært brukt om et hus i utmarka som ikke har hatt som formål å utnytte utmarksressurser i tilknytning til gardsdrift. De første hyttene var gjerne knyttet til jakt som fritidsbeskjeftigelse. (...) Men innholdet i ordet har utviklet seg i takt med den fysiske og funksjonelle utviklingen av selve fenomenet. I dag har ordet blitt misvisende. Den moderne hyttebygginga dreier seg om fritidshus, for mange en bolig nr. 2. Det er langt fra den enkle, opprinnelige hytta, til dagens fritidsbolig, som gjerne har flere kvadratmetre og høyere standard enn bolig nr. 1. Når det vanlige er å oppholde seg 50 - 60 døgn på hytta i året, er de egentlig ikke hyttefolk lenger, de er deltidsinnbyggere i «hyttekommunen»..»

I dette ligg utfordringane i vårt rapportområde: auka næringsverksem, auka bruk, utbyggingspress, ynskje om ombygging av seterhus, fortetting av setermiljø. I denne rapporten har vi prøvd å sett ord på kvalitetane i seterlandskapet slik dei framstår nå, og gje bakgrunn for å forstå korleis det har vorte slik det er i dag gjennom eit tusenårig tidsspenn. Seterområda er del av dei store ressursane som bygdene har, basert på det som har vore – og som skal bli vidareutvikla inn i framtida.

Til dette trengs det godt planverk, god kompetanse og gode samarbeidstilhøve mellom dei ulike aktørane i forvaltning av dei store landskapa framover.

Hundorp 16. desember 2018

Torveig Dahl

Innhold

	side
0 Samanfatning	3
Innhold	4
1. Innleiing	5
2. Bakgrunn	6
2.1 Kulturminnerapport	6
2.2 Tematisk avgrensing	7
2.3 Geografisk avgrensing	7
2.4 Kva er eit kulturminne?	9
2.5 Kulturarv	10
3. Rapportarbeid	11
3.1 Metodikk	11
3.2 Verdiskaping og berekraft	15
3.3 Vurdering og vekting	17
4 Utviklingstrekk i rapportområdet	20
4.1 Historikk, sentrale perioder	20
4.2 Næringsliv	24
4.3 Ulike type kulturminne i området	26
5 Skildring av utvalde område med tilrådingar	31
5.1 Nord-Fron – sjå vedlegg med samla oversyn	32
5.2 Sør-Fron – sjå vedlegg med samla oversyn	33
5.3 Gausdal – sjå vedlegg med samla oversyn	34
6 Utviklingspotensiale	35
6.1 Relevante aktørar og roller	35
6.2 Aktuelle utviklingstiltak, kommunen si rolle	36
7 Tiltak	37
7.1 Tiltrådingar i denne rapporten	37
7.2 Tiltrådingar henta frå tidlegare rapport (Ruset 2015)	37
8 Avslutting	45
9. Kjelder, litteratur, forkortinger	45
10. Skjema for vekting og vurdering (RA 2013)	46
11. Rlevante styringsdokument og lovar	47

Vedlegg

- Vedlegg 1** **5.1** Kartlagde kulturminne i Nord-Fron, foto og kart.
Vedlegg 2 **5.2** Kartlagde kulturminne i Sør-Fron, foto og kart.
Vedlegg 3 **5.3** Kartlagde kulturminne i Gausdal, foto og kart.
Vedlegg 4 «Kulturminnerapport for strekningen Kittilbu-Skåbu» Hildegunn Ruset 2015 (denne
ligg ikkje med)
Vedlegg 5 Espedalen Nikkelverk, Kjell Voldheim 2018

1 Innleiing

Dette er eit område med lange tradisjonar i utnytting av naturressursar, og er såleis rikt på minne frå menneskeleg bruk gjennom 10 000 år. Det har vore - og er - omfattande jakt og fangst, bergverk/gruvedrift og det er av dei største seterområda i landet. Men tradisjonell setring med mjølkeproduksjon er snart historie, sjølv om det også i planområdet framleis er tradisjonell setring. Beite og hausting av for er høgst aktuelt. Det meste er skog og myrlendt område, i tillegg til seterområda.

«*Landskap er en samlebetegnelse på våre utendørs omgivelser, både det naturrette og det menneskeskapte. Betegnelsen omfatter alle typer landskap, som jordbrukslandskap, industrilandskap, kystlandskap, bylandskap og fjellandskap»* (Riksantikvaren.no)

Rapportområdet omfattar eit landskap med omfattande vegstrukturar på kryss og tvers. Delar av områda er dominert av hytte og friluftsliv, kopla med eit stadig meir aktivt reiseliv. Dette kan vera grunnlag for konflikter og gjev samstundes grunnlag for vekst i godt samspel med ulike interessegrupper.



Biletet viser fine lafteknutar frå ein låve på Holen seter, Gausdal.

Mål

Denne rapporten har som mål å gje offentleg forvaltning betre grunnlag for bevaring og utvikling av kulturminne og kulturlandskapet knytt til setermiljø og kulturminne i utmarka. I tillegg har det vore eit mål å auke kompetansen om kulturminne og kulturminnevern i kommunane – og få eit godt samspel med lokalbefolkinga og næringsliv.

Det er opp til sakshandsamarane og politikarane i kommunane å handtere denne rapporten vidare.

Gjennomføring

Rapporten er laga av Gudbrandsdalsmusea på oppdrag frå dei tre kommunane. Rapporten er utarbeidd i nært samarbeid med styringsgruppa: Anders Nybakken/ Nord-Fron, Jon Sylte/ Gausdal og Trond Halle/Sør-Fron/ny prosjektleiar frå 1.09. 2017: Bjørn Sletten). Det har vore opent møte om arbeidet, og høve for folk til å koma med innspel til arbeidet under vegs.

Det har vore feltarbeid i størstedelen av området, men vi har ikkje fått kartlagt alle setrene, kun eit utval, grunna ressursrammer. Det har ikkje vore i mandatet å gjera konkrete registreringar eller ta alt. Vi har lagt hovudvekt på kultur/naturmiljø, ikkje enkeltobjekt, sjølv om vi også har trekt fram særskilte objekt på nokre av setrene. Det er kartlagt ca. 60 lokalitetar, fordelt på 48 setre med anbefalingar av bevaringskategori, godt fordelt på dei tre kommunane. Oddleiv Ringlund har teke alle foto, om ikkje anna er nemnt, og har vore ansvarleg for feltarbeidet i samarbeid med Tore Nysæter. Torveig Dahl har vore fagansvarleg for arbeidet og har ført rapporten i pennen.

Oppland fylkeskommune har vore involverte i innleiande fase, og under vegs. Dei har hatt rapporten til gjennomsyn og innspel to gonger. Svein Jetlund, GIS-koordinator, Geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdal, har utarbeidd ein pilotapp for registrering i felt direkte inn i GIS/kommunalt kartverk med høve til transport vidare til Askeladden/Riksantikvaren (RA). (Alle kulturminne som kommunane vedtek i kategori 2 skal inn i Askeladden.)

2 Bakgrunn

Riksantikvaren ynskjer kulturminnerapportar i kommunane og har i samarbeid med fylkeskommunane ei ordning der dei støttar kulturminneplanar i kommunane med kr. 100 000. Kravet er at det blir laga planar som forpliktar kommunane i høve prioriteringar og bevaring, kulturminna som kommunen vedtek til kategori 2/bevaring, skal kommunen kartfeste i Askeladden.

Det er ei målsetting å få styrka kulturminnearbeidet i kommunalt planarbeid, sikre at eit større mangfold av kulturminne blir regulert til bevaring og auke kunnskapen om forvaltning.

Dei tre kommunane arbeidde saman i eit omfattande utviklingsprosjekt (VINK 2011-2016) i regi av Oppland fylkeskommune. Dei engasjerte arkeolog Hildeunn Ruset til å skrive rapporten «*Kulturminnerapport for strekningen Kittilbu-Skåbu med fokus på Espedalen og Olstappen*» (vedlegg 4, Ruset 2015). Denne rapporten har lagt stor vekt på kartlegging av automatisk freda kulturminne mm. og kjelder. Det var ei styringsgruppe med representantar for dei tre kommunane: Anders Nybakken/Nord-Fron, Trond Halle/Sør-Fron og Jon Sylte/ Gausdal/prosjektleiar.

2.1 Kulturminnerapport

Kommunane gjekk vidare saman for å lage ein kulturminnerapport for eit meir avgrensa område. Dei søkte Oppland fylkeskommune (OFK) om midlar, og fekk kr. 200 000 til arbeidet. Arbeidet er finansiert med tilskott frå Riksantikvaren (RA) via Kulturarveininga, Oppland fylkeskommune.

Styringsgruppe for arbeidet har vore Anders Nybakken, plan- og miljøkonsulent Nord-Fron kommune, Jon Sylte, plan og miljørådgjevar Gausdal kommune, og prosjektleiar Bjørn Sletten (til 1.09.2017 Trond Halle) kulturleiar /Sør-Fron kommune.

Gudbrandsdalsmusea vart engasjert for å gjennomføre arbeidet. Det vart våren 2016 inngått avtale om eit engasjement for felles kulturminnerapport for temaområdet, basert på ein prosjektplan – og ein disposisjon med utgangspunkt i Riksantikvaren si rettleiing, tilpassa lokale tilhøve.

Vinter 2015-16	<i>innleiande rundar</i>
Vår 2016	<i>prosjektorganisering, avtale med Gudbrandsdalsmusea</i> <i>kartlegging av kjelder</i> <i>opent møte</i>
Juni 2016	<i>felles fagmøte med kommunane, OFK, museet sin stab innan kulturminnevern og registratorane, avklaringar, metodikk. utval</i>
Juni-oktober 2016	<i>feltarbeid</i>
Nov.-desember 2016	<i>bearbeiding, kvalitetssikring av data</i>
2017	<i>rapportskriving, utsending av utkast til delrapport til styringsgruppa, OFK</i>
Mars, april 2018	<i>2. korrektur i styringsgruppa og OFK</i>
Mai	<i>3. korrektur i styringsgruppa</i>
Sept/okt. 2018	<i>ferdigstilling av rapport frå museet og i styringsgruppa</i>
...	<i>politisk handsaming i kommunane</i>

Av ulike årsaker har arbeidet med rapporten teke lengre tid enn forventa.

2.2 Tematisk avgrensing

Rapportarbeidet er avgrensa tematisk til setermiljø og kulturminne i utmark. Det som er automatisk freda er i hovudsak godt dokumentert frå før. Men alt som høyrer til nyare tid er det mangelfullt oversyn over.


Aktuelle problemstillingar med arbeidet har vore: Kva for kulturminne er att etter førindustriell seterdrift, moderne seterdrift, nedlagt seterdrift, tidelege hytter, ombygde setre til hytter, fangst-kultur, gruveverksemd, reiselivsverksemd i området gjennom 150 år.

Det er funksjonelt å analysere kulturminna i historiske periodar med hovudtrekk:

før år 1000	Forhistorisk periode	Automatisk freda kulturminne som jernvinne, kolgroper, busetting, fangstanlegg. Kjem godt fram i delrapporten (Ruset 2015).
1000-1800	Historisk periode	Automatisk freda kulturminne (før 1537), jernvinne, kolgroper, busetting, tideleg setring, steinbrot/gruveverksemd, vegfar, fangstanlegg, dette kjem godt fram i delrapporten (Ruset 2015). Bygningar før 1900 er registrert i SEFRAK-registeret.
1800-1950	Seterperioden	Hovudvekt på mjølkesetring med bearbeiding av mjølka på setra til mjølkebilen (med mjølkespann) vart vanleg på 1920-talet, setermeieri i ein mellomperiode, seinare slutt på ysting, det var lauving og henting av vinterfor, tideleg turisme, beitelandskap og landskap som vart gradvis tømt for brennevirkje, steinbrot (skifertak). I denne perioden var dette av dei største seterområda i landet med eit mangfaldig dyrehald (ku, geit, sau, gris, høne, hest). Driftsforma førte til eit stort beitepress og stort behov for trevirke til fyring, slik fekk ein det opne seterlandskapet som området er kjent for. Det var i denne perioden vanleg med både vår/heimseter og lang/fjern/sommarseter for gardane.
1950-2016	Nyare tid	Mekanisering på setra, tankbil som henta mjølka (slutt på mjølkespann), nedlegging/endring av driftsform for setringa, traktor og slåmaskin, auka jakt og fiske som fritidsaktivitet, hytteliv, bilvegar, vinterturisme, gjennomgangstrafikk, alpinanlegg og endra vinterturisme. Landskapet er prega av attgroing, endra beitebruk og lite behov for ved.

2.3 Geografisk avgrensing

Rapporten skal dekke fellesområde i fjellet aust for Espedalsvatnet og Jøra, sør for Vinstra og vest for Laugen. Vi har ikkje hatt kapasitet til å kartlegga alle enkeltkulturminne for områda totalt. Det er nokre setre/anlegg som ligg i annan kommune enn garden/eigar høyrer til, dvs. det er eit felles kulturområde. Vi har sett at det kunne ha vore ein fordel om område i Ringebu, vest for Laugen, hadde vore med. Dette er del av det same felles kulturlandskapet, har ein felles tradisjon for steinbrot og har felles utfordringar i høve utvikling for framtida (reiseliv, hytteutbygging, auka ferdsel gjennom heile året).




Kartet viser det aktuelle rapportområdet med avgrensning. Nord-Fron øvst, Sør-Fron midt i og Gausdal nedst.

2.4 Kva er eit kulturminne

Det fins mange ulike oppfatningar av kva kulturminne er, men definisjonen er **alle spor etter menneskeskleg verksamhet, dvs. faste kulturminne og lause kulturminne.** I denne rapporten er det faste kulturminne som har vore tema.

Faste kulturminne kan ha ulik verne/bevaringsstatus

- **Automatisk freda** kulturminne – alle frå før 1537 er strengt verna.
- **Vedtaksfreda** kulturminne – er strengt verna etter vedtak av Riksantikvaren.
- **Regulert** til bevaring i reguleringsplanar eller i kommuneplanen sin arealdel (Plan og bygn. lova).
- Dei fleste kulturminne er utan vernestatus i offentleg forvaltning, men kan ha stor relevans for familie, næringsliv, lokalhistorie ol. – og kan få ein vernestatus i framtida. Det fins store verdiar som ikkje er beskytta av lovverket.



Eit lite og verbitt hus, ei vinterstugu på Bonsjøhaugen, Gausdal, med spor etter eit langt liv og god skjøtsel gjennom lang tid. Kor lenge vil det stå i framtida?

Lov om Kulturminne seier

"§ 2.Kulturminner og kulturmiljøer - definisjoner.

Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.

Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng. Reglene om kulturminner og kulturmiljøer gjelder så langt de passer også for botaniske, zoologiske eller geologiske forekomster som det knytter seg kulturhistoriske verdier til. Etter denne lov er det kulturhistorisk eller arkitektonisk verdifulle kulturminner og kulturmiljøer som kan vernes. Ved vurdering av verneverdier kan det i tillegg legges vekt på viktige naturverdier knyttet til kulturminnene.

Automatisk freda kulturminne

"§ 3.Forbud mot inngrep i automatisk fredete kulturminner.

Ingen må - uten at det er lovlig etter § 8 - sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje.

Er marken over et automatisk fredet kulturminne eller i et område som nevnt i § 6, tidligere nyttet til beite eller innmark, kan den fortsatt nytties til disse formål hvis ikke vedkommende myndighet bestemmer noe annet. Uten tillatelse av vedkommende myndighet må det ikke foretas pløying og annet jordarbeid dypere enn tidligere."

§4 (utdrag) med særleg relevans for dette rapportområdet er: «Arbeids- og verkstedplasser av alle slag som steinbrudd og annen bergverksdrift, jernvinneplasser, trekull- og tjæremiler, og andre spor etter håndverk og industri.» «Automatisk fredet er de til enhver tid er de til enhver tid erklærte stående byggverk med opprinnelse fra perioden 1537-1649, dersom ikke annet er bestemt av vedkommende myndighet.»

Automatisk freda kulturminne

Hildegunn Ruset har tydeleg omtala dei kjente automatisk freda kulturminne i *Kulturminnerapport for strekningen Kittilbu-Skåbu – med fokus på Espedalen og Olstappen*. (Ruset 2016). I vårt område kan det vera fleire automatisk freda kulturminne som enda ikkje er registrerte, som t.d. fangstgraver for elg og rein, kolgroper, jernvinne, gamle vegfar og restar etter tidleg gruve/bergverksdrift. Koppargruva i Espedalen vart etablert i 1666, og er såleis ikkje automatisk freda (lova gjeld det som er frå før 1649), men det kan vera spor etter prøvegraving før etableringa. Ei betre registrering av automatisk freda kulturminne kan vera i eit vidare registreringsarbeid i samarbeid med OFK.

Vedtaksfreda kulturminne

Riksantikvaren kan i særskilte høve fatte vedtak om freding av kulturminne/miljø. I vårt aktuelle rapportområde gjeld dette to setre og ei som under vurdering i Sør-Fron, ingen i Nord-Fron eller Gausdal:

- 1 **Solbråsetra** (77-1), med 6 ståande hus (nysel, gammalsel, vinterstugu, låve, geitefjøs og kufjøs). Solbråsetra er fyrst nemnt i skriftlege kjelder i 1668. Fredinga er begrunna i at det var her budeia Anne Hov (1863) starta med osten som i dag er kjent som Gudbrandsdalsosten. Seteranlegget med omgjevnadene er særskilt verdfullt som kulturlandskap med kulturminne.
- 2 **Prestegardssetra** (64-1) i Kantlia, freda fjøs (frå 1777) og sel (freda 12. august 1991).
- 3 **Pensjonatet på Valseter**, er under fredingsvurdering av OFK/Riksantikvaren.

Denne rapporten har ingen tilrådingar til freding ved vedtak i rapportområdet, kun forslag til bevaring for kommunen og eigrarar.

2.5 Kulturarv

Dette er eit ord som blir brukt mykje, også internasjonalt (*heritage*). Det er ei samlenemning for **materiell** og **immateriell** kulturarv. Det er ikkje regulert av noko loverk og har ingen avgrensingar i tid/periode (langt attende i tid eller frå vår samtid). Omgrepet blir ofte nytta om ein felles kulturarv for mindre grupper eller heile samfunn. Det er såleis nært knytta opp mot identitet og tilhøyrighet.



Eit sokke/lodd i kleber er funne på Øvre Øygardsseter i Gausdal, heldigvis er det teke vare på. Det er eit godt døme på koplinga mellom materiell og immateriell kulturarv i bruk av fiskegarn. Korleis er det laga? Kvar har dei funne emnet? Korleis er det brukt? Kor lenge vart det brukt? – Ein kan stille mange spørsmål til ein liten gjenstand utan funksjon i dag. GPS-en ved sidan av viser kor stort sokket er.

Kunnskapen om korleis ein gjenstand blir laga og brukt er **immateriell kulturarv**, medan gjenstanden i seg sjølv og reiskapen som er brukt for å framstille det, er **materiell kulturarv**. Dette er særleg relevant i denne rapporten knytt til jakt og fangst, setring, veg og transport, stadnamn, byggeskikk/byggeteknikkar, taktekking, lokale sagn, viser, lokking, kunnskap om fauna, steinbrot ol. Immateriell kulturarv er såleis ein del av lokalhistoria og våre lokale tradisjonar.

3 Rapportarbeid 2016-2018



Vollsdammen i Nord-Fron.

3.1 Metodikk

3.1.1 Informasjon

I arbeidet med rapporten har vi prøvd å ha god dialog med lokalbefolkinga/eigarar/andre interessentar. Det har vore aktiv bruk av media for å spreie informasjon, pressemeldingar, NRK/radio og andre media medan vi var i felterbeid. Det er lagt ut informasjon om arbeidet på kommunane sine heimesider. Vi har dverre ikkje hatt kapasitet til å oppsøkje eiga-
rane om ein ikkje har treft dei på setra.

Det vart laga løpesedlar og plakatar med informasjon og kontaktinfo som vart lagt ut i kommunane, levert ved besøk i felt, lagt att på dørhella ol.. Registratorane hadde eige namneskilt med informasjon og kontaktinfo som dei brukte ute i felt for å kunne identifisere seg.

Det var eit **opent fellesmøte på Hundorp 18. april 2016** som var viktig for å koma i gang. Styringsgruppa ynskja velkommen og orienterte om hhv. bakgrunn, kommunalt planarbeid, VINK/Elgland, avgrensing av geografisk område, tematisk avgrensning mm. Det var gruppearbeid der det kom fram mykje relevant som vi har fulgt opp i felterbeidet seinare.

3.1.2 Samarbeid

Det har vore eit mål å auke kompetansen og forståinga for kulturminne i kommunane og private eigrarar. Det har difor vore brukt mykje tid på direkte kommunikasjon med alle interesserte. Slik har vi og fått tilgang på lokale tradisjonar og lokal kunnskap om områda. Dei tre i styringsgruppa har vore til uvurderleg hjelpe med god lokalkjennskap.

Innleiingsvis hadde vi ei fagsamling på Ruten 6-7. juni 2016 der styringsgruppa, representantar frå kulturarvseininga i fylkeskommunen og museet sin fagstab var med. Dag 1 var open for alle der vi drøfta ållment kulturminneplanarbeid, nasjonale føringer, ulik tilnærming, registrering, verdivurdering, kartfesting mm.. Dag 2 var for dei tilsette ved museet med gjennomgang av metodikk for felterbeidet og faglege drøftingar. Vi har seinare hatt møte internt i museet med fagstaben for å drøfte kartleggingane og vurderingar.

Oppland fylkeskommune v/kulturarveininga har vore i god dialog med oss i arbeidet heile vegen: Torill Nygård, arkeolog/konservator, Magnhild Apeland, arkitekt/kulturvernkonsernt, Anne Engesveen, arkeolog/konservator/teamkoordinator, er dei som har fulgt arbeidet mest.

Museet har brukt våre ulike fagpersonar ved behov: arkeolog, bygningsvernrådgjevar, industri-registrator, arkivarar - for å supplere registratorane og styrke eige fagleg teamkompetanse. I tillegg har direktøren som prosjektleiar og fagperson vore tett på heile prosessen.

Registrar, direktør og representant for styringsgruppa har vore på samlingar om kommunale kulturminneplanar i regi av OFK, og orientert om arbeidet.

3.1.3 Kjelder Vi har lagt vekt på ei kontinuerleg kopling mellom skriftlege kjelder, munnleg informasjon og det vi har sett ute i felt. Det er ei kjelde- og litteraturliste sist i rapporten.

Gausdal har vore i særstilling i høve **trykte kjelder**. Seterbøkene til Jarle Bye har vore av uvurderleg nytte for oss i arbeidet. Desse bøkene har og vore referert til av lokale kontaktar. Fronskommunane har ikkje tilsvarende seterbøker. Andre bøker som har vore flittig brukt er Norske Gardsbruk, år-bøker og bygdebøker.

Vink-rapporten (Ruset 2015) har vore eit grunndokument med god kartlegging av automatisk freda kulturminne, historikk og andre kjelder. Askeladden/Kulturminnesøk har vore brukt ved behov. Vi har prøvd å oppsøke avmerka automatisk freda kulturminne, og i nokre høve konstatert at det ikkje var ei reell registrering. Dette har vi meldt vidare til fylkesarkeologen. Vi har også brukt materiale frå OFK/Lidarskanning av landskapet.

Lokale informantar har vore viktige i feltarbeidet for å forstå bruken av områda. Dette er folk vi har avtala møte med, og eller folk vi har treft tilfeldig ute i felt. Våre registratorar har prøvd å ha god tid når vi har treft folk i felt, og såleis også formidla kulturminnevern. Her har vi fått god tilgang til immateriell kulturarv, kjennskap til drift over tid og lokale tilhøve.

3.1.4 Kjeldekritikk Munnlege kjelder er veldig flotte og uunnverlege i slikt arbeid. Det er likevel ikkje alltid samsvar mellom den informasjon vi får munnleg og i skriftlege kjelder. Her må ein gjera eit skjønn med vekting av ulik type informasjon etter behov.

Kjelder *in situ*, dvs. spor vi finn i landskapet, er også ein kjelde. Vegfar fortel om ulik ferdsel (bil, hest/kløv, stig, beitedyr – og tidsjubde), ei mjølkerampe fortel om mjølkekøyringa åt setrene, ofte hadde fleire gardar kjøling på rekke og rad i ein bek, restar etter mjølkekjøling fortel og om dette. Steinbrot fortel om teknologi, ulik type stein brukt til ulike ting (tak, grunnmur, heller på bakken), både lokal bruk og meir industrielt, fangstanlegg fortel om gamal fangstkultur, kolgroper fortel om forekomst av furu, slagg/jernvinneanlegg fortel om tidlegare produksjon osb..

Vi har ikkje hatt mykje tid til å leite opp skriftlege originalkjelder, det har i hovudsak vore sekundærkjelder, dvs. prenta materiale i bøker. Ein må ofte ha lokalkjennskap og ulik fagkompetanse for å kunne tolke det ein ser. Det er også viktig å sjå samanhengar mellom fleire spor. Det er ofte vanskeleg å tidfeste det ein finn i landskapet. Bruksspor kan vera frå mange periodar, og over lang tid. Her må ein også gjera eit fagleg skjønn ved ev. avvikande kjelder.

3.1.5 Feltarbeid Det har vore vanskeleg å nå over alle setrene. Registratorane har gjort eit utval i si kartlegging, og i rapportskrivinga har ein brukta denne dokumentasjonen saman med andre kjelder i utval og presentasjon. Difor kan det vera setre som vi ikkje har besøkt, som andre synes skulle ha vore med. Vi skulle heller ikkje gjera konkrete registreringar av hus/anlegg, men legga vekt på miljø, slik at det kan vera særskilte hus som vi ikkje har merka oss.



Mjølkekjøling og mjølkerampe på Øvre Frøysesetra i Gausdal, og restar av ei mjølkekjøle ved Øygardsetra. Her må ein veta kva ei kjøle er for å forstå dei restane ein finn i landskapet.

Vi har i hovudsak hatt to registratorar ute saman, dette har vore for å utnytte tida betre i høve arbeidet, men og for å tilføre ulike vurderingar i høve det ein finn. Ein av registratorane, Tore Nysæter, har hatt særleg kompetanse på automatisk freda kulturminne, gruvedrift og steinbrot. Ansvarleg leiar for registratorane, Oddleiv Ringlund, har hatt særleg kompetanse på bygningar og seterdrift. Den tredje som har vore litt med på slutten av feltarbeidet, Hilde Eggen, var arkivar i Opplandsarkivet avd. midtdalen. Ho var med for å lære, ev. sjekke opp mot kjelder og hjelpe til med registreringsarbeidet. Det har såleis vore kombinerte avvegingar som har vorte lagt til grunn.

Svein Jetlund som jobbar med felles kartverk for dei tre midtdalskommunane, vart kopla opp mot vårt arbeid. Det viste seg å vera veldig nyttig. Når ein er i feltarbeid lagar ein notatar. Det er ofte mykje etterarbeid for å få kopla gps-koordinatar, foto, fakta frå feltarbeidet mm. Det har lenge vore eit behov for å kunne registrere rett inn i eit digitalt format, for å bli transportert vidare ved behov.



Stort skiferbrot i Killie, Gausdal. Fogd Lyng skreiv i 1800 «Ved anførte Killie Seter eller på Killie gives et godt Skifferstensbrudd, hvorfra Gausdal og fleire Bøygder hente Skifersten, som i henseende til Varighed er tjenlige til at belegge Tag med end de almindelige brændte Tagsteen». Skiferbrotet er brukt inn i vår tid.

Det vart utarbeidd ein eige "app" for å kunne registrere rett inn i GIS med foto og kommentarar, samt at informasjonen skulle kunne bli transportert inn i Askeladden (OFK og RA si felles base for verneverdige og freda kulturminne).



GPS har vore eit godt verkty for kartfesting, her ved Veslesetra med Kvikne, Nord-Fron i sola bakgrunnen.

Dette har og gjort at kunnskapen om ulike kulturminne (uavhengig av vernestatus) kjem rett opp i kommunalt/fylkeskommunalt planarbeid i deira eige kartverk. Såleis vil ikkje kulturminna bli noko ekstra som ein må sjekke i planarbeid, men ein får informasjonen (kva, kvar, alder, verneverdi, gps-koordinatar) samt foto opp fort.

Denne appen er ei prototype som ikkje er ferdig utvikla. Vårt feltarbeid har difor vore med på pionerarbeid i så måte. Sjå vedlegg 1-3, skjema med kart og foto for alle tre kommunane.

Ved oppmåling har vi brukt digital avstandsmåling og tomstokk.

Feltarbeidet vart gjort sommar og haust 2016 – til snøen kom. Etterpå har det vore arbeidd med kvalitetssikring av kartleggingane ol.

3.1.6 Metodekritikk Det å anvende ei ny pilot i digital registrering som blir utarbeidd medan feltarbeidet er i gang, er krevjande for alle involverte. Men vi har sett god gevinst i å gjera det. Gps på telefonen er ikkje alltid god nok, så vi har i tillegg hatt med eige gps. Nokre område har hatt dårlig telefondekning.

Dette feltarbeidet er ikkje utført med tradisjonell kulturvernkompetanse, men av tilsette som har vore registratorar og lokale informantar med lokalkjennskap og handverkarbakgrunn. Dette har vore ei styrke i samtale med lokale og i få ulike type vurderingar med i arbeidet.

Det har ikkje vore vårt mandat å gjera detaljregistreringar, men kartleggingar med vekt på *miljø* og ev. enkeltobjekt ved behov. Vi har lagt stor vekt på informasjon og involvering av lokalkjente der det har vore mogeleg. Styringsgruppa har og vore brukt som informatar. Dette er ein tidkrevjande prosess, og kan alltid bli gjort betre, meir, annleis.

Vi har prøvd å legga DIVE-metoden, utvikla av Riksantikvaren, til grunn for tilnærminga vår. Dette er ein kulturhistorisk, meir holistik metod som tek utgangspunkt i *heile* landskapet. Informasjon om utvikling og periodisering av busetting/bygningars, topografi, vegfar, industri, bekker, og natur- og kulturområde er med i vurderinga. Vi laga ei temainndeling, sjå pk. 4.1 basert på lokale tilhøve. Dette sette kulturminna inn i heilskaplege samanhengar, og gjer det lettare å sjå ulike periodar, og overgangar mellom periodar.

Å bruke denne DIVE-metodikken heilt ut, ville ha kravd meir detaljerte registreringar, m.a. tidsfestingar av ulike bygningars. Dette fann vi umogeleg å gjennomføre innanfor vår ressursramme og mandat. Vi skulle legga hovudvekt på kartlegging av miljø, ikkje på kvart hus.

Vi kunne ha gjort betre analyser basert på SEFRAK (alle bygningars frå før 1900, gjennomført før/etter 1980), og konkrete nyregistreringar av kvart hus/anlegg. Dette ville ha kravd mykje meir ressursar, men ligg i våre tilrådingar for enkelte utvalde område.

Uansett digitale hjelpe middlar og metodar, ein kjem ikkje unna blyant med notisblokka, tomstokken og gode konkrete møte mellom folk.

3.2 Verdiskaping og berekraft

Setring er her brukt i ein utvida kontekst, inkl. utnytting av naturressursar i fjellet gjennom året med utgangspunkt i setrene. Dette har vore viktig å få med, det er såleis eit område med store mengder ulike automatisk freda kulturminne - og bergverksdrift.

Setring og beitedrift er etter ca. 1980 under sterk endring, berre eit fåtal har mjølkebruk på setra i dag, det er aukande mengde beitedyr (sau, kviger og kjøttfe). Seterhusa er i bruk av gardane når dei slår kvea, er på jakt elles blir setra brukt mest som ei hytte. Men setra står høgt i verdi for dei fleste setereigarane, og er sterkt knytt til forvaltarrolla av garden.



Biletet er frå nyfjøset på Brennsetra, Lomsetra, i aktiv bruk med mjølkekø.

Det er eit område med over 150 år gammal reiselivstradisjon. I dag er det nokre område med sterke ynskje om auka kommersiell utnytting som hytteområde, og som del av større reiselivsdestinasjonar som Kvitfjell, Gålå og Skeikampen og auka tilrettelegging, bruk og ferdsel gjennom året.



Vakker og solid steingard ved Fagerli, Nord-Fron, særmerkt ved dei store skifersteinane som stikk ut på både sider av muren. Dette er ei anna type berekraft, som ligg som verdiar i landskapet.

3.2.1 Riksantikvaren om verdiskaping: «Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet (2006-2010) har vist hvordan kulturminner i større grad enn i dag kan bli brukt lokalt og bidra til både miljømessig, kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping.» ..«... Målsettingen for verdiskapingsarbeidet er å bruke kulturarv til det beste for befolkning, næringsliv, lokalsamfunn og regioner. Økt kunnskap om verdiskaping gir større muligheter for at kulturminnene blir ivaretatt.» Her ser vi samanhengen næring/kulturminne = utviklingspotensiale. Dette har relevans for den meir kulturminnebaserte delen av verdiskapinga i rapportområdet.

3.2.2 Innovasjon Norge om berekraft «Et bærekraftig samfunn imøtekommere dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov.

... helhetlig vurdering av bærekraft som baserer seg på både økonomi-, miljø- og samfunnseffekter....

1) **Økonomi** – gir prosjektet en tilfredsstillende lønnsomhet for bedriften og samfunnet

2) **Miljø** – gir prosjektet en positiv miljøeffekt gjennom f.eks. fornybar energi, reduserte utslipp, bedre avfallshåndtering etc

3) **Samfunn** – gir prosjektet en positiv samfunnseffekt som f.eks bedre folkehelse, et tryggere samfunn, mangfold i næringslivet, økt dyrevelferd.»

Dette har relevans for ei heilsakleg, utviklingsbasert verdiskaping, der meir kommersiell næringsutvikling er viktig.

3.2.3 Telemarksforsking om breid verdiskaping I sin rapport «Duett eller duell» (2013) bruker dei omgrepet breid verdiskaping, som dei deler inn i fire former for verdiskaping som ein ikkje kan sjå isolert:

Økonomisk verdiskaping	Kwart ledd i verdikjeden får ein auka verdi som følgje av tilførsel av ressursar (kunnskap, kapital, arbeid) – auka antal gjestar/besøk eller omsetting.
Kulturell verdiskaping	Auke kunnskapen og bevissttheita om lokal kulturarv, sær preg, tradisjonar og symbol som gjev grunnlag for stadeigen identitet og stoltheit.
Sosial verdiskaping	Utvikling av tilhørighet og engasjement ved samarbeid, samhandling, dugnad, identitet, friluftsliv og helse.
Miljømessig verdiskaping	Miljømessige kvalitetar blir ivareteke og/eller forbetra med tilrettelegging, kanalisering, skjøtsel, formidling og opplæring.

3.2.4 Verdiskaping og berekraft i denne kulturminnerapporten. Vi finn det å sjå dei ulike prinsippa i samanheng som mest fruktbart i denne kulturminnerapporten. Det er viktig at setra blir halden i hevd som ei samtidig og framtidig ressurs for gardane. Da må nokre seterhus bli bevare som kulturminne over ei avslutta seterdrift, medan andre kan bli tekne i bruk på nyare måter.



Bygdene har ein fantastisk rik tradisjon med legging av vakre villskifertak. Dette fjøstaket frå Avlundsetra i Torsdalen, Gausdal, fortel om gode handverkstradisjonar frå skiferen blir brote i steinbroten til legging av taket – også med godt vedlikehald. Dette er godt døme på verdiskaping med levande skiferindustri også i dag.

Husa hører til i eit kulturlandskap, med dyrka mark på ei kve og eit beitelandskap utan grenser. Med endrande beitepress og mindre behov for trevirke til ved, har vi ganske snart eit skogdekt seterlandskap, og i våre område var det tidlegare berre heimsetra som låg i skog. Det er difor viktig at det blir utvikla gode planar, med avgrensingar for kva for område skal bli haldne opne, styre vegetasjonen, og kvar skogen skal få vekse fram. Det er slik nærliggande å legga nye hyttefelt i skogområda, eit stykke unna dei opne seterstulane.

Ein ser at det er ynskje og behov for auka bruk av områda gjennom heile året, mange er innovative i høve ny bruk av gamle hus (som t.d. «barista»-budeia ved Lemonsjøen). Slikt kan og vekse fram i dette området.

Vi har valt å bruke RA si målsetting «*verdiskapingsarbeidet er å bruke kulturarv til det beste for befolkning, næringsliv, lokalsamfunn og regioner. Økt kunnskap om verdiskaping gir større muligheter for at kulturminnene blir ivaretatt.*» Dette har vi kombinert med Telemarkforsking si breide tilnærming som har blitt lagt til grunn for rapporten og tilrådingane våre til kommunane.

FN si målsetting om at «*Bærekraftig utvikling handler om å ta vare på behovene til mennesker som lever i dag, uten å ødelegge fremtidige generasjoner mulighet til å dekke sine.*» Utfordringa er korleis kan ein få til eit godt samspel mellom offentlege og private aktørar i ei berekraftig utvikling av dette rause og mangfoldige kulturlandskapet som denne rapporten omfattar. Det kan vera til dels store interesseomsetningar. Difor er det viktig for kommunen som planmyndigkeit å gjera gode val for framtida for kulturminna.

3.3 Vurdering og vektning

I offentleg forvaltning er det ulike måtar ein kan sikre bevaring og vern av kulturminne. I tillegg har eigar råderetten over sin private eigedom. Men skal ein rive bygningar eldre enn 1860, må det søkjast om løyve.

Type bevaring	Lovverk	Forvaltnings nivå
Freding	Kulturminnelova § 4, 15 og 19	Riksantikvar/fylkeskommune
Hensynssone	Plan- og bygningslova § 11-8 og 12-6	kommune
LNFR-område (landbruk, natur, friluft)	Plan- og bygningslova § 11-8 og 12-5	kommune
Generelle retningslinjer	t.d. byggesikkretningslinjer, gjerdedeforskrift	kommune

Figuren syner dei vanlege måtene offentleg forvaltning kan bevare kulturminne på.

Det viktigaste er at forvaltninga har eit godt samspel med eigar i høve regulering/freding/ utviklings-tiltak. Eigar bør og få ein viss tilgang til fagleg bistand, både antikvarisk- og natur/kultur-landskaps-kompetanse, og at det finst økonomiske virkemidlar.

I brev frå Riksantikvaren til kommunane 19.10.2017 står det mellom anna

«Riksantikvaren inviterer kommuner og fylkeskommuner til å søke om tilskuddsmidler til å utarbeide kulturminneplaner for kommunene. Kommunene har et stort ansvar og er svært viktige for god forvaltning av kulturminner. Mange kommuner mangler også gode oversikter over sine verneverdige kulturminner. ... Et viktig tiltak i dette er at kommunene utarbeider kulturminneplaner som skal vedtas politisk i kommunene. ... Kulturminneplanen skal inneholde en liste over prioriterte kulturminner som kommunen vurderer som kommunalt verneverdige og som skal bevares og forvaltes særskilt. ... og vi ber kommunene legge inn data fra de politisk vedtatte kulturminneplanene i basen.» (Askeladden)

Om det skulle vera aktuelle miljø som kommunen/eigar ynskjer freding av, er det ei sak ein må drøfte med kulturarveininga i Oppland fylkeskommune. Vi kan ikkje sjå at der er aktuelt med slike tilrådingar i dette området.

Vi legg til grunn Riksantikvaren si tilråding for arbeidet. Kriteria vi har brukt går inn i ein systematisk framgangsmåte for arbeidet med verdisetting og verdivekting ved registrering for kulturminne. Dette skal sikre ei mest mogeleg omforeina bruk av begrep ved registrering av kulturminne. («Håndbok for lokal registrering» og «Verdisetting og vekting av kulturminne», «Veileder. Kulturminner i kommunen. Kulturminneplan», Riksantikvaren 2013.).

Riksantikvaren listar opp desse ulike kriteria som kan bety noko for vekting:

- Kulturminnet representerer faser med særlig betydning for historien.
- Kulturminnet er knyttet til virksomheter med særlig betydning for historien.
- Kulturminnet er knyttet til hendelser eller begivenheter med særlig betydning for historien.
- Kulturminnet er knyttet til personer med særlig betydning for historien.
- Kulturminnet er av særlig betydning for en eller flere etniske grupper (den samiske urbefolkingen, nasjonale minoriteter eller andre etniske grupper).
- Kulturminnet har særlig arkitektonisk og arkitekturhistorisk verdi.
- Kulturminnet har særlig betydning som kilde til historien der det finnes få eller ingen skriftlige kilder.
- Kulturminnet har særlig betydning som ressurs for lokal utvikling og verdiskaping.
- Kulturminnets alder og type utløser juridiske virkemidler på nasjonalt plan, se kulturminneloven.

Kulturminna blir så sortert etter tre ulike verdiar:

Kunnskapsverdi/historisk	Bygning-, arkitektur-, næring-, religions-, personal- eller miljøhistorie
Opplevingsverdi i dag	Estetikk, handverk, symbol, identitet
Bruksverdi i dag	Ressursutnytting, museal, formidling, næringsverdi

For kulturminneplanar ynskjer Riksantikvaren at ein bruker ei 4 graderte bevaringsklasser i samla vurdering og listeføring av aktuelle miljø/enkeltkulturminne:

Bevarings/vernekategori (RA)	Tilrådingar i denne rapporten
1 svært høg	Automatisk freda, vedtaksfreda. Det er ingen tilråding om vedtaksfreding i rapporten.
2 stor	Politisk vedtak om regulering for bevaring. Det er mange tilrådingar om regulering til bevaring, her må kommunen sjølv gjera eit utval og prioritere
3 middels	Har stor lokal verdi, i bygda, lokalt. Tilrådingar for grunneigar, bygda.
4 liten	Alminneleg, privat. Eventuelle tilrådingar.

Med dette meiner vi i denne rapporten:

- 1 Kulturminne/kulturmiljø som **alt er freda**. Det er mange **automatisk** freda kulturminne i området, fangstanlegg, kolgroper, jernvinneanlegg – og ein del med uavklara status, særleg knytt til steinbrot, som kan vise seg å vera automatisk freda ved seinare undersøkingar. **Vedtaksfreding** gjeld Solbråsetra, Prestegardssetra og mogeleg Valseter pensjonat (er under vurdering) i Sør-Fron, men kan gjelde andre seinare.
- 2 Kulturminne/kulturmiljø som vi i rapporten **tilrår at kommunen regulerer til bevaring**. Eigarane av desse kan på sikt stille sterkare i fordeling av tilskotsmidlar. Her må kommunen sjølv gjera utval og prioritere om dei ikkje fylgjer heile vår tilråding. Kommunen si prioriterte liste skal rapporтерes inn til fylkeskommune og registreres i Askeladden.
- 3 Kulturminne/kulturmiljø som vi i rapporten tilrår har stor lokal verdi. Det kan vera enkelt-hus med kat. 2 og andre delar av anlegget/miljøet med kat. 3. Kategori 3 og 4 får ingen konsekvensar i høve forvaltninga, men kan ha betydning for lokale tiltak.
- 4 Mindre interesse, alminneleg, lite å bevare/ta vare på som bevaringsobjekt, men kan ha stor verdi for eigar/familie/organisasjonar.

For denne rapporten er det lagt vekt på å ta vare på bygningar i eit kultur/kulturlandskapsmiljø som saman viser **ulike periodar** i bruk/teknologisk utvikling. Heilskapen kan såleis få ein høgare bevaringsgrad enn det enkelte objektet. Setring og bruk av utmarka i fjellet har gjennomgått ulike periodar i økonomisk nytte for bygdene. Om eit sel i dag er i bruk mest til fritidsbruk, så vil ikkje det seia at setra *ikkje* har verdi for gardsdrifta, men kan hende liten næringsnytte pr. i dag.

Vi har lagt til grunn ei vekting for setermiljø som vi har kartlagt. Vi fann at dei aller fleste setrene/anlegga/miljøa har ganske like tilhøve, dvs. **verdiskapingspotensiale** og **både kunn-skap/oppleveling/bruksverdi**, og kjem såleis i same kategori: 2.

I våre beskrivingar, vurderingar og tilrådingar er det såleis lite som har fått kategori 3 og nesten ingen i 4. Vi meiner at alle setermiljøa har stor verdi for kommunen, bygda, og eigaren – og besøkande. Men det er behov for ein del bevaringstiltak, auka bruk av beite/grasproduksjon av inngjerda område, og formidling.

4 Utviklingstrekk i rapportområdet



Vi finn mange spor frå kontinuerleg endring i bruk av landskap, ressursar og bygningar. «Tilbake til naturen» får ny meinig.

4.1 Historikk – sentrale periodar

Før år 1000 Forhistorisk periode Vi har ikkje laga ei omfattande framstilling av historikken i forhistorisk tid i området, det finn ein i Kulturminnerapporten (Ruset 2015), bygdebøker, årbøker og andre temabøker. Men vi kan peike på nokre utviklingstrekk i kulturlandskapet.

Utmarka var sentral i det å overleva gjennom året for folk og husdyr (jakt, fiske, beite, klede, ved, hausting av for). Dette har gjort at vi finn ein god del fysiske spor av fangstanlegg og busetting. Det må ha vore ein del samferdsel gjennom området og ein kan finne restar etter gamle vegfar som spor etter dette. Jernutvinninga har vore stor i delar av området, og vi finn restar av omnar og kolgrøper.

1000-1800 Historisk periode Ein kjenner til seterdrift frå dei eldste norske landslovene frå tidleg mellomalder, slik at seterdrift var innarbeidd som del av årssyklusen alt på 1100-talet. Men det er uvisst form, grad av busetting osb.. Det er dokumentert setring i Fronsbygdene og Gausdal på 1600-talet i dette rapportområdet. Det er og spor etter fast busetting (t.d. Dalseter, Verket) frå same periode. Ut i frå mengde kulturminne frå forhistorisk tid, kan ein anta at det har vore ei type setring/utmarksbruk og busetting lenge før. Ein finn stadnamn som fortel om bruk av fleire setre for ein gard. Det gjeld flytting mellom vår/sommar/haust-seter, og gammal/nyseter. Mange gardar har bytta seter frå god til ei betre ei for dei store gardane, med høve for mindre bruk eller husmannsplassar til å ta over det gamle. Det er ein del rettsaker om rettar mellom grunn-eigarar i same sokn, og mellom grunneigarar i nabosokn, t.d. Ringebu. Det har og vore busetting i delar av året knytt til fangst og

jernutvinning, som kan ha vore kombinert med setring (husdyr og slått). Utmarka i dette området har hatt stor ressursverdi gjennom tidene. Setring, som vi kjenner til det, ekspanderte frå 1600-talet med ein topp tidleg på 1900-talet.



Eit særskilt trekk for denne perioden i er dei mange steinbrota, tidleg gruvedrift (Verket), og fast busetting fleire stader langs Espedalsvatnet gjennom fleire hundre år. Hiorthøy (1785) nemner fast busetting i Espedalen «der boe nogle faa

Huusmænd, som dog avle Korn, men allene føde Qvæg». Eldste dokumenterte fastbuande er truleg Øvre Dalseter/Espedalsrudningen som er kjent med fastbuande frå 1652.

Det har vore omfattande jernutvinning og fangstkultur, vi finn store forekomstar av kulturminne som fangstgroper/fangstanlegg. Kalkbrenning/«bondeomn», blestringsgroper og kolgroper. Fyrste forsøk på større gruvedrift var i 1665 da dei fann noko koppar i Veslegruva og Storgruva/Evans Mine, men det vart drift berre nokre få år. Denne gruvedrifta må ein sjå i samanheng med framveksten av gruvedrifta på Kongsberg, Selsverket, Lesja, Folldal og Røros. Det har også vore særdeles mange steinbrot her, har gitt skifer for taka på setrene og i bygdene, og Stein til gode murar. Det er uvisst kor gamle brota er.

Det har vore ein del gjennomfartstrafikk, med spor etter gamle vegfar. Dette er ikkje undersøkt meir, det vi har kjennskap til. I det heile er det mange spor frå denne perioden som skulle ha vore registrert og analysert for å få betre kjennskap til dette området.

1800-1950 Den store seterperioden Det er viktig å sjå på den avanserte **økologiske tilpassinga gjennom årssyklusen** for gardane og husmannsplassane ut over på 1800-talet. Dette har og gitt varige spor i dei bevara kulturminna i området. Seter/utmarksressursane var sentrale i sjølvbergingshushaldet – og etter kvart sentrale i det meir marknadstilpassa landbruket: Omfattande setring med sjølvhushald og overgang til samvirke (meieri/ysteri) og pengehushald. Det var tidlege setermeieri, auka fritidsferdsel i fjellet og reiselivsutvikling ved setrene (Fagerhøy, Gålå, Dalseter, Ruten m.fl.). Vi fekk effektivisering av innhausting med slåmaskin, traktor og mjølkebil som endra setringa og landskapet. Det var store, strukturelle endringar for menn og kvinner, ungar og eldre i bygdene.

Espedal nikkelverk var i drift i periodane 1846–56 og 1874–78. Det vart laga eit oversyn over industri-anlegget i 1857. Det var totalt 27 hus, i tillegg kjem bustadar, det budde over 700 personar der på det meste. Diverre er det lite att etter dette. Vi kjenner til at nokre hus frå verket er flytta ned i bygda, som hovudbygningen på garden Heggerud i Sør-Fron. Verket har prega landskapet på mange måtar, m.a. med ei enorm avskoging for å få nok ved til omnen i dei periodane det var verksemder.

Hamskiftet for seterområda. Nils Ødegaard skriv (Ødegaard 1918) om setringa i området og den omstillinga han observerer tidleg på 1900-talet:

«Sæterdriften hadde utviket sig sterkt mot slutten av det 18de hundreaar. ... i fjeldbygdene ... hadde ikke bare hver gaard sin sæter, men mange av plassene med. ... maatte ha to, en vaar- eller heimsæter og en sommer- eller fjeldsæter.» «I Gudbrandsdalen var sæterhusene gjennomgaaende større og bedre indrettet end i Valdres, men de var som oftest paa same gjerd, sæl i den ene, bu i den andreenden og en «skut» i midten.»

«Det er nogen forskjel, mener vi gamle (1918). Der er mindre urlok og hornblaasing, kan hende ogsaa av sang. Det gjætes ikkje, og det holdes ingen buhund længer. Men idyl og poesi er det allikevel over sæterlivet, og vil det altid vedbli at være.»

«Store forandringer foregik ikke i det første halve hundreaaret, etter 1814. Sæterhusene blev litt etter litt bedre i alle bygder. Melkestellet ogsaa, og det ble mangesteds lagt adskillig arbeid paa sæterløkkene, saa det blev større høiavlinger. I melkestellet nyttes den gamle norske (holstenske) metode: opsiling i store, vide, brisklaagede kjørrelder (koller, ringer), smørkinning av surfløte og ysting av mange slags surmelkost (gammelost eller skjørost, pullost eller knaost, buost). Surmysen blev paa enkelte steder, der det var lang føring og vondt om ved, delvist opfort paa kalver og griser, men for det meste blev den indkokt til prim. ... Større forbedringer i sæterstellet kom først i anden halvdel av hundreaaret. Og som regel hadde Gudbrandsdalen førerskapet» ...



Kvar laurdagskveld «tora» eg. Det var godt å ha ein fløtskvett på lager. Ungane likte godt å koke seg karamell. Foto: Anton Løkken

Oss var i grunnen privilegerte

MARGIT LYKKJOM OG ANTON LØKKEN: Oss låg på seter'n til midt uti september, som oftast. Om hausten vart det travelt. Bærplukking og kvearbeid. Alt høyet måtte i hus. Ungane hadde det morosamt når dei fekk hoppe i høyet, men det var mye arbeid for dei, au. Etter at oss var ferdige med alt kvearbeid, ha oss kua på kvea. Mot slutten ville kyrne heim, dei visste at dei da fekk gå på jordet og eta enda meir hå. Eg hugsar at hå-mjølka smaka litt stramt, ungane likte ikkje så godt mjølka dei fekk, når kyrne et hå-gras.

Bufersdagen var støtt litt vemodig. Det var slik klår og fin luft om hausten. Fargane var så fine. Eg plukka ofte med med kjerringkjørr og andre planter heim. Eg likte godt å binde kransar med fargerike haustvekster i når det var gravøl etter folk ein kjende.

Det er my godt å tenkje attende på. Sjøl om det var arbeid frå morgon til kvelds, både i ørken og i helgene, var alt arbeidet meiningsfullt. Oss var ein del av ein lang og viktig tradisjon .

Fritid og arbeidstid hekk liksom i hop. Det var aldri spørsmål om kor lang tid alt arbeidet tok, ein laut bruke den tida som trongst. Og heile familien, gjerne fleire generasjonar, arbeidde saman. Oss var i grunnen privilegerte slik. Arbeidet vårt var heime, heimen vår var arbeidsplassen. Og arbeidet vårt fylte livet vårt på ein slik måte at arbeidet gav livet meinig.

Frå ein artikkel i *Fronsbygdin 2003*. Dette stykket er sett saman av Anton Løkken, etter notat etter mor si, Margit Lykkjom (1923-2003). Publisert på Fron historielag si heimeside fyrste gong 20.3.2015.

I 1850-60-åra tok dei til å opparbeide køyrevegar (for hjuldoningar) til setrene. Det vart vanleg med innmura ystepanner i 1850-60åra til innkoking av mysosten. Omkring 1870 vart den nye «avkjølingsmetoden .. med koldt kildevand til melkeavkjøling» vanleg i Gudbrandsdalen. Den fyrste som brukte den nymotens handseparatoren på setra, var O Teige i Nord-Fron i 1887. Ødegaard nemner i 1918 om vegane at mange er framleis «til dels bratte og bakkede», og på nokre stader vart det framleis brukt «slæpedrag», og ikkje berre vanleg kløv. Den mest omfattande endringa kom med mjølkebilen på 1920-30-talet.

I 1907 var den fyrste tellinga av setre i landet. Det var da 44.239 setre i bruk totalt, av desse 6.131 i Kristians Amt (Oppland), tilsv. 7 %. Det er delt inn i sør og norddalen. Vårt rapportområde er i sørdalen.

1907	Setre i bruk	hest	okse	mjølkeku ungfe	sau	geit	gris
Sør-Gudbrandsdalen	1.237	1.419	422	9.526	4.463	7.071	12.683
Nord-Gudbrandsalen	1.885	924	368	6.958	5.028	7.614	14.904
Dei låg 97 dagar (i sørdalen) på setra (jf. norddalen 101), og 60 % av dyra var på setra (jf. norddalen 49). Gjennomsnittleg mjølkemengde pr. ku var 5 liter pr. dag. (Kjelde Ødegaard 1918)							

Ødegaard (1918) fortel om fleire fe-legre i Gausdal spesielt, nemner ingen i Fron, men vi veit det har vore slike. Slike drifter gjekk gjerne frå nord og samla opp driftene sørover, mot dei store marknadene. Det var vanlegvis ei bu der driftkarane kunne overnatte. Er Kjøpmannssletta i Gausdal ei slik slette brukt av driftene, seinare og av handelskarane?

1950-2016 Nyare tid Etter krigen har det vore ei enorm endring i seterlandskapet og bruken av setra/utmarka. Mange heldt på tradisjonell setring med bearbeiding av råvarer til eige bruk til etter 1950. Mjølkbruket var framleis dominerande i området, men all mjølk vart køyrt til bygda med mjølkebil, etter kvart modernisert til maskinmjølking og tankbil. Mange sluttet med ku og geit, heldt fram med sau på utmarksbeite med slått av kveene. Ein god del nydyrkning vart gjort for å auke produksjon for vinterforing.

Oversyn over mjølkkesetra i 2008		(Nord-Gudbrandsdalen 78)
Sør-Gudbrandsdalen	125 setre	av desse: Nord-Fron 38 Sør-Fron 18 Gausdal 21



Busetra i Sør-Fron har gode seterhus med inngjerding og plen rundt selet. Utan beiting vil kulturlandskapet raskt endre seg.

Etter 1980 er eit fåtall av setrene i bruk som seter med mjølkproduksjon. Det store geitehaldet fekk ein knekk med atomnedfall etter Tsjernobylulykka i 1986. Seterbeitet vart hardt råka og mange avslutta i tida etterpå. Det vart omfattande behov for nedbeiting av sau og geit på heimebeite om hausten. Dette svekka økonomien på geitemjølkbruka, og førte til endra beite av innmark og utmark i fjellet.

4.2 Næringsliv



Fagerli Fjellstue, i Nord-Fron er ei av dei mange setrene i rapportområdet som har vore turiststader i over 100 år.

Området er prega av primærnæringa med til dels intensiv bruk av utmarka gjennom mange hundre år. Dei har vore dyktige til å nytte utmarksressursane, det syner dei mange jernvinningsanlegga, kolgroper, fangstanlegg og trekkvegar for elg. Dette har vore med og prega driftsformene og landskapet.



Det var **gruvedrift** etter koppar i Espedalen på midten av 1600-talet, med masomn i Svatsum, men kopparverket fekk stutt levetid. Ein må sjå dette i samband med annan gruveverksemnd i denne pionertida (Kongsberg, Selsverket, Lesja, Folldal og Røros).



Espedal **Nikkelverk** (1846-1856, 1874-1878) er i særstilling i dette området, dei henta ut nikkelhaldig magnetkis, med opptil 500 mann i arbeid, ca. 700 budde på eidet mellom Espedalsvatnet og Breidsjøen.

Foto frå Storgruva (Evans Mine) øvst mot nord, ned mot Espedalsvatnet.
Fotograf på øvste biletet Ivar Helleberg, under Morten Helgesen

Det er restar etter verket med masomn gruvehytte, slagghaugar, gravplass og mange gruvesjakter – NGU har registrert i alt 26 gruver og skjerp i Espedalen (Sør-Fron og Gausdal). Sjå eige rapport *Espedalen Nikkelverk* som vedlegg (Voldheim 2018).

Skogsdrift Det har vore vore omfattande skogsdrift i fleire periodar, det ser vi av fløtardemningar og fløtar-hytter. Utstrakt seterdrift gjennom fleire hundre år har hatt stort behov for ved og beite, og har ført til avskoging rundt setervangane. Bruk av kol til jernvinna og leveranse av ved til nikkelverket har også ført til stor utvinning av skogen.

Ødegaard (1918) nemner at det var mange **skifer og taksteinsbrot** i «*Gausdal, Øier, Ringebu, Fron*» Sommerfeldt (1795) nemner at dei braut takskifer i Ringebu og Fron, det var altså ikkje så vanleg før den tid. Han nemner også at det har vore **kalksteinsbrot** og kalkbrenning i Gausdal, om enn på ein primitiv måte utan omn.

Turistane kom Ut over 1800-talet kunne folk besøkande bu på setrene over lengre tid, også drive jakt, særleg om hausten. Dalseter er av dei mest kjente turiststadene. Olaf Domaas besøkte Dalseter med ein medstudent i 12-13. juni 1887, og betalte kr. 1,25 for middag og logi (Møller 2003).

Neste omfattande turistperiode var på 1920-60-talet, da også vinterturismen vokste fram i tillegg til sommar/hausttrafikken. Fleire seterpensionat og hotell i området fortel om dyktige folk som har bygd opp gode bedrifter basert på turisme.



Dalseter, kjelde Dalseter.no

Dei siste 20-30 åra har turisthotella med større anlegg og hytteutbygginga dominert i nokre av områda. Mest spesielt er utviklinga knytt til Peer Gynt på Gålå og Skei med store skianlegg. Oppkøyrd løyper om vinteren har ført til heilt anna rekkevidde av skigåinga i utstrekning og i mengde folk. Siste telling av liggedøgn på hytter i sør dalen (av utanbygdsfolk) var på 50-60 liggedøgn pr. hytte årleg. (Hytteundersøkelse 2012)

Det er i dag ei omfattande næringsutvikling i området i alle tre kommunane, noko som ei vidareutvikling av det som har vore (Helvete), noko som heilt nye tiltak (Elgtårnet). Dette er med og gjev endra næringsgrunnlag for jordeigarane, og nye aktørar.

4.3 Ulike type kulturminne i området

På setrene har husa eit ganske likt preg frå 1700-talet og fram til mellomkrigsåra. Vi har difor laga eit oversyn over seterhusa og ulike element i seterlandskapet. Dette er viktig å ha med når ein vurderer ulike element i denne rapporten, og i vidare arbeid for kommunane i bevaring og utvikling.

Fjøs Fjøset kan vera bygt på i lengda med geitfjøs, eller med eige hus for geita. Det er gjerne inngang i endene. Nokre nye fjøs er bygt for moderne seterdrift med mjølkeanlegg og fleire kyr. Fjøsa er som regel lafta, kan ha ein påbygd mellomgang eller vera bygt saman med andre uthus. Fjøset kan og vera mura.

Utedo Utedoen kan vera bygt attåt fjøset eller låven, eller stå aleine, oftast i reisverk, nokre med glas, nokre utan.



Øverst ser vi ein klassisk utedo på Busetra, Sør-Fron. Under ser vi ein stor utedo på Øvre Dalseter, Sør-Fron. Her har det vore fastbuande, setring og reiselivsverksemd.

Stall Stallen var oftast eit eige hus, 1–4 spilltau. Stallen var veldig viktig om hausten og vinteren for køyring av ved/lauv/høy ned frå setra. Han gjekk ut av bruk utpå 1960-talet. Stallen kan gjerne vera nærmere vinterstugu eller i inntunet.

Låve/utlyu Dei eldste låvane er eit lafta hus med ei høgde. Dei nyare er litt større, gjene 1 ½ tømmerstokk breidde, 1½ etasje, gjerne med køyrebru både på langveggen og gavlveggen. Etter at traktoren vart teke i bruk, vart det behov for sterkare køyrebruer. Med større traktorar med hytte vart det behov for høgare opningar. Vi fann ein låve med stallrom i.

Sel I Sør-Fron og Nord-Fron bruker ein ordet sel, medan Gausdal bruker ordet eldhus. Selet er vanlege, lange lafta hus med ei bu med hyller på veggane inn til eine sida, ein selsgang midt i med ysteanne, og stugurom på andre sida. I stugurommet er det gjerne peis/omn for matlagning. Nokre har skilt ut ystinga i eige hus. Nokre gonger kan det vera eit breidare sel med

dør ut frå både langveggane i selsgangen. Før mjølkebilane vart vanlege, vart all mjølka ysta på setra, for eige bruk seinare på året og for sal. Difor var dei gode buene med lange hyller viktige.

Vinterstugu/lynnbu Desse er gjerne lafta eller reisverk (nyare) med eit rom med omn og eit par senger/køyjer. Vinterstugu vart brukt (og blir framleis brukt) når dei kører ved, for, er på jakt etc.- og er i stor grad karane sitt miljø. Desse kan i nyare tid vera bygt om til hytte.

Mjølkekjøling Desse låg gjerne i nærmaste bekk, men er meir sjeldne i dag, har oftast rotna. Dei var bordkledde med pulttak, gjerne med papp på taket. Dei vart vanlege på 1870-talet (Ødegaard 1918) for å kunne samle opp mjølka til ysting. Enda viktigare vart dei når ein fekk ordning med mjølkekøyring ned til ysteri/meieri. Dei gjekk ut av bruk når ein sluttet med mjølkekku/geit på setra – eller når tankbilen kom og ein hadde generator for eige kjølerom i fjøset. Kvar gard hadde si kjøling, dei låg gjerne på rekke og rad i lengderetninga nedover bekken ved seterstulen.

Mjølkerampe Her var det gjerne ei for kvar seterstul, dvs gardane gjekk saman om å bygge desse. Høgda var tilpassa lastebilen, slik at det var lett å få dei fulle spanna opp. Dei hadde gjerne ein bakvegg som var bordsydd, eit par trappetrinn opp til flata der spanna sto, var gjerne 2-3 m² og rektangulære. Dei kom i bruk når mjølkebilane kom på 1920-30-talet og gjekk ut av bruk når mjølkesetringa var slutt – eller tankbilen kom.

Sjåførbu Det var ofte lange ruter for mjølkebilen, Mange sjåførar måtte overnatte på ei seter, og det vart da vanleg å bygge sjåførbu. Det var gjerne ei lita lafta eller reisverk bu med eitt rom, meir likt som ei vinterstugu.

Setermeieri Det var tre setermeieri i Fron i 1877. I Gausdal var det tre setermeieri (Frøyse-seter, Sjøseter og Vesleseter) frå 1890-åra. Dei vart etablert ved rennande vatn. I dag står ingen av meieria att. Men vi finn spor i bakken etter husa og kanalar for vatn. Setermeieria var ikkje i drift lenge.

Taktekking I dette området var det tidlegare også med vanleg torvtak, skifer vart vanleg utover på 1700-talet, først med villskifer, seinare meir forma skifer. Skiferen vart lagt rett på det gamle torvtaket. Det var vanleg både med og utan bordtak under steinen for å få god lufting. På uthusa var det ikkje så ofte med bordtak under. Vi har funne eit par låavar med teglstein (dobbeltkrumma), men dette er litt nyare bygningar.



Eit av dei mange særprega villskifertaka i området, her ser ein korleis dei har prøvd å reparere med gamle bølgeblikkplater. Sjå særleg høgre kant av taket, kor fint dei har lagt steinen..

Det er grunn til å merke seg den omfattande bruken av skifer i heile rapportområdet, og mange små/store steinbrot i områda. Det er veldig flotte tak på mange av setrene, og ganske få er erstatta med blikk. Her må det ha vore god kompetanse på taklegging. Vi finn gamle blikktak


på fjøs og låvar, og nyare på alle slags hus. Det er torvtak eller platetak på nyare/restaurerte sel eller hytter.

Takvinkel Ettersom det vanlege var torvtak, var det ikkje så bratte tak (20-30 grader). Med skifertak er det ofte brattare vinkel på andre hus, men det er ikkje vanleg på seterhusa. Det kan virke som om når ein erstatta torva med skifer/stein, vart steinen lagt rett på torva (fungerte såleis som isolasjon).

Byggemateriale/måte Det er vanleg med gode lafta hus i rapportområdet. Vi finn ikkje bruk av særskilt grovt tømmer, og mest rundstokk. Sel og fjøs er lafta tett, medan låvar er har gjerne meir lufting mellom stokkane. På bygningar frå heile 1900-talet finn vi bruk av reisverk. Ofte i ein kombinasjon, ved å bygge saman fleire hus med reisverk i mellombygget, eller ved ombyggingar/ utvidingar av fjøs, tilbygg av bu etc.

Det er både gran og furu som er brukt, furu i sel, gran i fjøs og andre uthus. Det er nokre fjøs og eit sel som er bygt i mura Stein i rapportområdet. Om eit hus er bordsydd/reisverk er det enkel over/underliggar eller kantikant panel. I tillegg til byggemateriale er det og mykje godt smedhandverk å finne.

Nyare hytter er i reisverk og bordsydd med tømmermannspanel - eller (maskin) lafta. Nyare reiselivsbedrifter/hotell er i betong, kombinert med eldre trehus.



Overflatehandsaming Frå gammalt var det ikkje vanleg å overflatehandsame husa på setra. Det er tørt klima og bruk av gode materiale. Men det kom inn ein mote med (låve)raudmåling i mellomkrigsåra på sel/hytter. I dag ser vi eit større mangfald. Sveitserstilen frå slutten av 1800-talet kombinert med reiselivsbedrifter har ført til bruk av låveraudt på hytter/hotell.

Plassering i landskapet Det tradisjonelle i dette landskapet er at alle hus ligg på langs i landskapet, i ganske tette setertun. Unnataket kan vera låve/utlyu som ligg nede i kvea/lykkja. Fjøs ligg som regel ytst i tunet med god høve til å hente mørkka som vart spadd ut i møkkluka i eine veggen, eller frå møkkakjellaren, om fjøset står høgt.

Ein del setertun er flytta, kan vera ulike årsaker til det, vatn, ras, veg ...

Dei tradisjonelle *gutuene* med skigard på kvar side for å styre kyr/geiter mellom beitet og fjøset, er borte, og gjerdinga mellom uthusa og inntunet. Dette var viktig for å leie kyrne/geitene om morgonen, når dei kom att for mjølking om eftan, og ut og inn på kveldsbeite, om nokon brukte det.

Gamle hytter ligg gjerne på nedlagde seterstular, for seg sjølv med god utsikt, nyare hytter ligg meir spreidde i større felt, og ligg både på langs og på tvers av landskapet, også i vinkel.

Ein seterstul kan bestå av setre frå mange gardar, ganske tett. Ein del gardar har flytta setra si lenger vekk frå dei andre i same miljø. Mange seterstular ber merke etter tidlegare plasseringar. Ein finn ofte restar av eldstad/røysa stein og laftesteinar i firkant der det sto sel

tidlegare. Det vanlege sporet etter stall/fjøs/utedo er brennesle eller geitrams. Men dette finn ein i liten grad på setra, mørkka vart nytta godt for gjødsling av kvea.

Gjerding Frå gammalt var det vanleg med gjerding rundt seterstulen for å leie dyra ut og inn for mjølking (gutuer) og for å halde dyra ute frå inntunet.. Det var brukt både steingardar og skigard. I Sør-Fron og Nord-Fron bruker ein ordet kve, i Gausdal bruker ein ordet lykkje.

Gjerding var og brukt for å halde dyra vekk frå kvea, seterslatten var verdfull for vinterforinga. Her finn vi og ein kombinasjon av steingard og skigard. Sauegjerde med eller utan piggtråd vart vanleg i mellomkrigsåra og vart god å ha når dei braut større kveer og nyryddingar lenger unna seterstulen frå 1970-talet.



I dag er det vanleg med sauengjerde og tregrind som gjerde. Rundt hyttene finn vi skigard, steingard, sauengjerde – og stakitt. Rundt hyttene innanfor gjerda kan ein finne grasplen (slått med grasklippar). Mange ynskjer å halde sauene vekk frå hytta, og bygger store verandaer mot sør med rekkverk. Kommunale gjerdeplanar regulerer kva som er mogeleg.

Dei kveene/lykkjene som ikkje har gjerde eller ikkje er beita i nyare tid, får fort grastuer, einer spreier seg og annan vegetasjon tek over.

Vegar Vi finn i dag mange generasjonar av vegfar, supplert med sauestigar. Dei gamle vegane var for folk og dyr, hest med kløv, og kan ligga brattare enn det som var ynskeleg etter at hjulet vart teke i bruk som transportmiddel. Vi finn både vintervegar og sommarvegar, noko var greitt å bruke på vinterføre med slede når ein skulle hente for og ved, som ikkje eigna seg for sommarkjøringa. Når mjølkebilane kom i bruk utover 1920-talet vart vegane gjerne lagt om ein del, breidare og sterkare bruar, og slakare svingar/stigning.

Enda kan ein finne att dei store setervangane mellom seterhusa, eit fellesmiljø som vart godt beita ned mot setra. Desse er i ferd med å vekse att og bli skog eller einerkratt.

Steinbrot Det er mange stein/skiferbrot i området, alt frå store meir industrielle, til mindre, lokale.

Gruveverksemnd Det er mange restar i utmarka etter mindre gruvesjakter/dagbrot. Rundt Verksodden er det omfattande restar av verket. (Voldheim 2018)



Gravplass

Det er ein gravplass frå kring 1850 som framleis er i bruk på Verksodden.



Kolgroper, jernutvinningsanlegg, fangstanlegg er automatisk freda, sjå Ruset 2015.

Helleristningar Sommaren 2018 vart det oppdaga helleristningar/måleri i Espedalsvatnet som kan vera 4-6000 år gamle (yngre steinalder). Dei syner fem elgar, ein bjørn og noko som kan vera eit menneske. Dei er i ein bratt fjellside rett ved vassflata. Desse er automatisk freda kulturminne.



Foto Oppland fylkeskommune/Sør-Fron kommune i si heimeside, kritta med raudfarge for fotografering..

Verdfulle kulturlandskap Hausten 2017 vart det starta eit arbeid i regi av Riksantikvaren og Oppland fylkeskommune der store delar av dette rapportområdet er foreslått som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse.

«Det verdfulle kulturlandskapet skal forvaltes slik at kulturminner og kulturmiljø, biologisk verdfulle miljøer, jordbruksareal, tilgjengelighet og den visuelle opplevelsen av landskapet opprettholdes som grunnlag for landbruk, kunnskap, opplevelse, verdiskaping, rekreasjon og friluftsliv.» (RA)

5 Skildring av utvalde miljø med tilrådingar



Åsen seter, Sør-Fron, med ny skigard.

Vi har teke utgangspunkt i Lars Reinton (Reinton 1955) «*Seterbruk er det når ein gard (ein fast vinterbustad) har krøtera sine i sumarbeite på ein stad eit stykke frå garden der det er husvære og fast personale, så ein kan nytte ut større vidder til beite, som regel og til slått og onnar försanking, og så kan ein spara heimemarkene og nå i betre beite, føde fleire krøter over vinteren og skaffe forråd til levemåten for den faste bustaden (garden).*»



Hesjing på Fagerli, Nord-Fron, her blir kulturlandskapet heldt i hevd.

I vurdering av setrene har vi sett på

- Seter med husdyr der fjøset er i bruk
- Seter med ståande bygningar der innmarka blir brukt som slåtteland eller beite
- Seter som berre blir brukt som fritidsbustad
- Seter med berre tuft/ruin
- Setervoll utan hus

I feltarbeidet har vi gjort eit utval av setermiljø som er besøkt basert på lokal informasjon og skjønn. Det er ulik detaljering i kartleggingane som vi har gjort, og dei er ikkje å sjå på som faglege/ferdige registreringar. Det har **ikkje** vore ein del av mandatet, vi skulle skaffe fram eit grunnlag for vurderingar

og prioriteringar for kommunane. Vi har kartlagt og omtala totalt 11 i Nord-Fron, 19 i Sør-Fron og 16 i Gausdal, til saman 46 miljø (sjå vedlegg pk. 5.1 Nord-Fron, 5.2 Sør-Fron og 5.3 Gausdal).

Vi har omtala lokal historie og ulike type kulturminne i området som vi tilrår kommunane å legga til grunn for sine prioriteringar av kulturminne. Det vil seia at ein må sjå det fysiske kulturminnet/kulturminnemiljø i samanheng med kulturlandskap, lokale tradisjonar og munnleg historie for bevaring, formidling og eller utvikling.

Nye tiltak bør i stor grad vera underordna eksisterande anlegg i dei opne seterstulane. Større hyttefelt kan bli lagt i skogområde rundt seterstulane. Kveer/Lykkjer bør vera utan nyare bygningar.



Fagerlistra, Nord-Fron, her ser vi moderne fritidshus som bryt med det tradisjonelle preget på setra.

5.1 Nord-Fron – samla oversyn over kartlagde setre

NF	Setergrend	einkeltsetre, einkeltobjekt	kat. 2	kat. 3	kat. 4
1	Rudlandsetra	fleire setre, ei vinterstugu, 2 fine skifertak	setra		
2	Vollsetra	Vollsdammen	dammen og setra		
3	Huskelisetra	Fleire setre, skiferbrot	setra og skiferbrotet		
4	Veslesetra	fleire setre	setra		
5	Lomsetra	mange setre	setra		
6	Tjurubua	geitseter m 5 hus	setra		
7	Hattdalen seter	mange setre	setra		
8	Graslia	seter	setra		
9	Jordalslykkja	seter	setra		
10	Klemetsrudsetra	seter	setra		
11	Fagerlisetra	setergrend	setra		

5.2 Sør-Fron - samla oversyn over kartlagde setre

SF	Setergren	type miljø/objekt	kat 2	kat 3	kat 4
1	Veslesetra			setra	
2	Baukholstulen	4 setre Gammelsetra, Kristislåa,	setra		
3	Tåkåstadseter	ei seter 8 hus	setra		
4	Valsetra	Solbråsetra (freda), setergrenda, pensjonatet, brynesteinbrotet	setergrenda, pensjonatet, brynesteinbrotet		
5	Øvre Dalseter	seter/tidl. fast busetting	Setra m område		
6	Håkåseterdammen	demning med fløtarhytte	anlegg m hus		
7	Kristensetra	Truleg 4 setre, mjølkekjølingar		setra	
8	Årstulen	4 setre		setra	
9	Bjønnhaugen	setra til Hundorp gard	setra til Hundorp gard		
10	Toftsetra	mange setre	setergrenda		
11	Isumsetra	ei seter m 5 hus	setra		
12	Sveiphuslykkja	mange setre		setra	
13	Helgåsbakksetra	fleire setre, mura steinfjøs	setra		
14	Triltåsen	fleire hus, nydyrkning, stor forprod.			husa
15	Åsen	fleire setre	setra		
16	Vendalen	mange setre, fine steinmurar og skiftak	setra,		
17	Nysetra	mange setre, fine steinmurar og skiftak	steinhusa	setra	
18	Kantlia	sjåførbu, prestegardssetra (freda)	setra	sjåførbu	
19	Busetra	to setre	setra		
20	Espedalen nikkel og kopperverk	gruveverksemnd	alle kulturminne		

5.3 Gausdal

G	Setergrend	einkeltsetre, einkeltobjekt	kat 2	kat 3	kat 4
1	Killia	setermiljø og skiferbrot	skiferbrot	setra	
2	Goddalen	seter		setra	
3	Sjøsetra	setermiljø, rodesteinlar, meieri	setra med alt		
4	Torsdalen og Gammeldalen	setermiljø, tufter	setra		
5	Slåsetra	seter	setra		
6	Synstevollsetra	eit eldhus	setra		
7	Veslesetra	Mæhlumsetra med meieri, skifer- og steinbrot	spor etter meieri, steinbrot	setra	
8	Li-, Kveinesetra		setra		
9	Trisnipp og Einstadsetra	to setre		setra	
10	Frøysesetra	mjølkekjøling, steinfjos, meieri	Kjøling, låve, spor etter meieri, steinfjos	setra	
11	Skåndalen			setra	
12	Kjøpmannssletta		sletta		
13	Holesetra		setra		
14	Lonhaugen		setra		
15	Gåsøya	stor seter		setra	
16	Bånsjøhaugen	steinfjos, vinterstugu	steinfjos, vinterstugu	setra	
17	Espedalen nikkel og kopperverk	gruveverksemd	alle kulturminne		

Generelle tilrådingar for seterstulane

- Bevare bygningsmasse på seterstulane, halde landskapet opent
- Nye hyttefelt/hytter bør ikkje vera nærmare enn 200 m frå setervangen. Med setervangen meiner vi det som er gjerdar inn som kve/lykkje og fellesområdet rundt seterhusa.
- Restaurere mjølkekjøling og mjølkeramper der dei fins, mjølkeseterbruket har vore særsviktig i området.
- Nye bygg/påbygg bør underordna seg ståande seterhus.
- Fargeval bør fylge eksisterande fargebruk.
- Takvinkel og høgde på tak bør bli respekterte og bli ført vidare.
- Unngå store glasflater eller store blanke takflater
- Nye hus bør ligga langs landskapet.
- Restaurering av seterhus eller nye seterhus bør bli utforma og plassert i samsvar med lokal tradisjon.
- Vegfar, stigar bør bli merka og haldne oppe. Ein bør unngå store, breide nye vegar tilrettelagt for løypemaskiner rundt seterstulane.
- I størst mogeleg grad bør kveer vera inngjerda, ein kan leige ut kvea, eller gjerne la grinda stå oppe for beiting, om garden ikkje har behov for meir for sjølv.
- Vidareføre lokal namnetradisjon.

Generelle tilrådingar for teknisk industrielle kulturminne

- Områda kring gruveverksemda i Svatsum/Espedalen bør få ei grundig oppmåling, registrering og dokumentasjon – bli merka for formidling og sikra. Gudbrandsdalsmusea har hatt feltarbeid og har laga ein rapport Voldheim 2018.
- Grundig oppmåling, registrering, dokumentasjon av demningar, restaurering.
- Steinbrot/skiferbrot bør bli dokumentert, merka og sikra.
- Dokumentasjon av gamle vegfar.

6 Utviklingspotensiale

6.1 Relevante aktørar og roller

I området som denne rapporten dekker har vi mange ulike aktørar med ulike roller, interesser og ansvar – også med ulik bruk/interesse i ulike årstider.

- *Gardbrukarane som jord og skogeigarar, vedlikehald av beståande kvarer, nyryddingar, skogsvegar, hogstfelt*
- *Gardbrukarar m/u beitedyr*
- *Gardbrukarar med mjølkesetring*
- *Hytteeigarar og brukarar – gjerne med ei viss tilknyting til bygda*
- *Hytteutleigarar*
- *Bygdafolk*
- *Turgårar/Friluftsliv*
- *Bærplukkarar*
- *Kulturvernforvaltninga*
- *Vegvesenet for fylkesvegar*
- *Utviklingsselskap – hytteområde, skianlegg*
- *Kommunane*
- *Jeger- og fiske-aktørar*
- *Ulike reiselivsaktørar (hotell, skianlegg, eventselskap, løypelag, ynskje om tilrettelegging)*
- *Turistar*
- *Naturvernalarar*
- *Naturen sjølv, fauna, vassvegar*
- *andre*



Det er omfattande skilting av gamle vegråk, dette gjer at dei vil bli brukt også av utanbygd folk, her ved Trisnippsetra i Gausdal, der m.a. eit gamalt seterråk er skilta.

Med ei interessentanalyse er det viktig å hugse at innad i ei gruppe treng ein ikkje å ha same syn som andre i same gruppa om aktuelle planar eller tiltak. Det er og viktig å sjå kven som er:

1. **Premissleverandør** (har vetorett, reguleringsrett, eigedomsrett, bruksrett).

medan andre har:

2. **Individuelle interesser** (både økonomisk og oppleveling av miljøet, fritidsbruk).

Dette kan i aktuelle utviklingssaker skape alliansar og konflikter på kryss og tvers av aktørgrupperingar.

Ved ei aktuell omregulering/utviklingsplan er det difor lurt å ha omfattande involvering av ulike interessentgrupper for å forhindre lokale konflikter i området, der ein kartlegg

- Økonomiske konsekvensar
- Miljømessige konsekvensar
- Kulturvernfaglege konsekvensar
- Særskilte problemstillingar?

6.2 Aktuelle utviklingstiltak – kommunen si rolle

- formidling – passivt og aktivt, skilting av kulturminne, skuleopplegg
- tilrettelegging i landskapet – inngrep med nye tiltak som t.d. alpinbakke
- hyttefelt og godkjenning av planar, plassering i landskapet, heilårs/sommarveg, hogst
- kommunale forskrifter, byggeskikk, gjerding, skilting, merking
- nye vegar, vinter- sommarbruk – ulike utfordringar på sikt
- auka løypekøyring kan gje belastning for vilt, rydding av trasear,

7. Tiltak

Det er mangt ein kunne ynskje seg av vidareførig og bevaring av setre og seterkultur. Men vi finn det rett å vera realistisk, og står oss på den ferske rapporten av Kari Stensgaard: *Hvordan står det til på setra? Registrering av setermiljøer i perioden 2009-2015*. NIBIS rapport vol. 3. nr. 88. 2017 (Stensgaard 2017).:

«For å bevara setra og seterlandskapet, vil det vera behov for målrettede tiltak. Samtidig er det nødvendig å ha realistiske forventninger til hva man ønsker å oppnå. Tiden for det omfattende melkeseterbruket er over. I tillegg til fortsatt å støtte til de aktive melkeseterbrukene, må bevaringen av seterlandskapet tuftes på setras nye funksjoner for opplevelse, beitebruk og fritidsbruk».

7.1 Tilrådingar i denne rapporten

- I samarbeid med Oppland fylkeskommune bør ein få registrert alle kjente faste kulturminne.
- Restar etter gruve drift bør bli sikra og formidla.
- Bevaring av bygningar, mjølkebearbeiding (materiell og immateriell kulturarv), beitelandskap, kve/inngjerda slåtteland, veg/stiar, forhausting, steinbrot (immateriell og materiell kulturarv).
- Basert på denne rapporten, annan lokalhistorisk litteratur, lokal tradisjon, gjev dette potensielle for utvikling av bygningar, landskap, biologisk mangfold – anbefalte tiltak:
 - Forslag til vern, bevaring, restaurering for eigarar
 - Detaljgjennomgang av kvart hus/oppdatering av SEFRAK registrering for bevaringsverdige hus/miljø.
 - Utviding av SEFRAK registrering med tekniske kulturminne.
 - Forslag til forvaltning og skjøtsel.
 - Registrering av skifer/steinbrot vest for Laugen.
 - Melde frå om folk veit om noko som ikkje er med, heimseter, gruveverksem, meieria.
 - Forslag til formidling, lokalhistoriske vandringer, markvandringer, temadagar med steinindustri og gruveverksem.
 - Lage seterbøker for Fron (som i Gausdal, Ringebu, Dovre mfl.).
 - Andre forslag til utviklingstiltak frå lokale interesser.

7.2 Tilrådingar henta frå tidlegare rapport (Ruset 2015)

Kulturminnerapporten sluttar seg til desse tilrådingane.

Olstappen

Mulige tiltak

I sammenheng med Olstappen er det viktig å være klar over den enorme erosjonen som pågår der fra år til år. Reguleringen av vassdraget påvirker alle vannene, men på grunn av topografiens gårdet spesielt hardt utover landskapet rundt Olstappen. Det finnes flere eksempler rundt vatnet hvor kulturminner er helt under vatn eller erosjonen delvis har "spist" opp kulturminnet som ligger og dupper i vannkanten noen måneder hvert år. Dette gjelder også noen fangstgroper som ligger på østsida av vatnet. I den østligste "armen" kommer elva Espa ut i Olstappen. I dette området er det ikke så bratt og høyt rundt vatnet, men flere flater med skog og berg. Ved Grytberget i sørøstenden av vatnet, er det jernvinneanlegg som i dag ligger under vatn, det er også fangstgroper som ligger under vatn store deler av året. Det kan være gunstig å få en samlet oversikt over de kulturminnene som er direkte truet av erosjonen slik at man kan ta en samlet vurdering av kulturminnene og hva som skal til for å dokumentere dem for framtiden.

Potensial for verdiskapning

